

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tysdag 16. mars 2021 Kl. 19.00 – 21.00
Møtestad:	Digitalt møte på Skype
Opning:	Anders

Til stades: Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Sigrid Beate Eskeland, Dagfinn Koppang (2.vara)

Meldt forfall: Ingeborg I. H. Ørjasæter, Dag Kjetil Lægreid (1. vara),

Ikkje møtt: Nils Dale Elde

Andre som er innkalla til særskilde saker: Ole Jørgen Furdal (kantor)

SAKLISTE

2021/16- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, samrøystes.

2021/17- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent, samrøystes.

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Sak 2021/15 – Årsrapport 2020

Orienteringa vart teken til vitande.

2021/18- 310 Gudstenestelivet i soknet

Soknerådet har invitert gudstenesteutvalet (inkl. sokneprest og kantor) til møtet.

Me ønskjer å høyre om arbeidet som gjerast inn mot gudstenestene i Stord sokn, og kva utvalet og tilsette ser av moglegheiter og utfordringar framover. Det er ei målsetting at deltakinga i rådsmøtet kan vere ein arena for å inspirera kvarandre og løfte fram arbeidet med gudstenestene og kyrkjemusikk knytt til gudstenestene. Soknerådet ønskjer gjerne innspel på kva me kan gjere for å spela arbeidet med gudstenestene godt.

Vedtak:

Soknerådet og gudstenesteutvalet tar med seg innspela frå dialogen i det vidare arbeidet. Moment frå samtalen:

- Korleis gjera dåpsgudstenestene gode for alle? Eigne dåpsgudstenester vs. Dåp i høgmesse?
- Kor lang skal ei gudsteneste vera? 45-60 min? Både dåp og nattverd i gudstenesta? Dåp både i gudsteneste med og utan nattverd, i tillegg til eigne dåpsgudstenester? Dåpsvertar? Ulike syn på lengde av gudstenestene.
- Andre gudstenester. Kan konfirmantane laga si «draumegudsteneste»? Ja!
- Utegudstenester? Svært positivt, men eit anna uttrykk. Allsong vanskelegare ute. Både gudstenesta og songen meir synleg/høyrbar ute.
- Helgemesse – Festdag og minnedag. Korleis også få fram festdagen? Begge deler i same gudsteneste?
- Nyttårsafta. Gjenoppta/vidareutvikla samarbeidet med UKS?
- Temagudstenester. Andre tidspunkt, t.d. laurdag kveld? Her kan «Use your talents»-tankegangen bli viktig/få fritt utløp! Musikkskulen?
- Open kyrkje, med variasjonar.
- Familiégudstenester, evt. «Alle saman-gudstenester»?
- Understreka at gudstenesta er noko me gjer/lagar saman.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2021/19- 311 Gudstenesteplan for hausten 2021

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til gudstenesteplan for hausten 2021 i møtet.

Vedtak:

Gudstenesteplanen vart vedteken som framlagd. Samrøystes.

2021/20- 350 Kyrkjemusikalsk plan

Soknerådet har tidlegare drøfta ønskje om å etablere ein kyrkjemusikalsk plan.

Denne saka legg opp til ein samtale om arbeidet med ein slik plan.

Kva kan ein slik plan innehalde? Kven bør vere med i utarbeidinga? Når? Osv.

Vedtak:

Soknerådet ber gudstenesteutvalet om å setja ned ei arbeidsgruppe, som kan starta arbeidet med utarbeiding av ein slik plan i løpet av hausten 2021.

Moment frå samtalen:

- Generelle innspel no, der fleire bidrar i prosessen, styrt av gudstenesteutvalet
- Skapa undring, ramme rundt noko som er heilagt, samhandling. Ønsker at ulike uttrykk saman kan underbyggja evangeliet
- Forsongarar i gudstenestene
- Musikken som formidlar og fellesskapsbygger. I gudstenesta og utanfor gudstenesta
- Trusopplæring også viktig inn i arbeidet med planen. Gjenkjenningseffekten av eit utval av songar
- Balanse mellom bruk av meir og mindre erfarne musikarar
- Bevisstgjerings i kvifor me gjer det me gjer
- Variasjonar med ulike sjangrar
- Konsertar. Kor som medverkande i gudstenestene?

2021/21- 360 Kyrkjelydsleir

Soknerådet har tidlegare lagt opp til kyrkjelydsleir 10.-12.september 2021.

Etter at konfirmasjonane vart flytta til hausten er det konflikt mellom leirhelg og konfirmasjonshelg. Alternativ leirhelg er tidleg i februar 2022 på Solgry.

Alternativ:

- A) Gjennomføre leirhelg 10.-12.sept på Brandøy, utan deltaking av sokneprest
- B) Flytte leirhelg til tidleg februar 2022 på Solgry
- C) Flytte leirhelg til tidleg februar 2022 på Solgry og planlegge ein aktivitetsdag på Stord ca september 2021.
- D) ... andre alternativ?

Vedtak:

Soknerådet ønskjer å flytta leirhelg til tidleg februar 2022 på Solgry og planleggje ein aktivitetsdag på Stord ca september 2021. (Alt. C). Samrøystes.

2021/22- 121 Søknad om tilskot, Lykte

Musikkduoen Lykte har søkt Stord sokneråd om tilskot til albumprosjekt.

Sjå vedlagde informasjonsbrev.

Det føreligg ikkje budsjettpostar for denne type tilskot i 2021-budsjettet. Dersom soknerådet ønskjer å gje eit slikt tilskot må ein og finna inndekning for dette i budsjett.

Sigrunn Ljosland bad om å få sin habilitet vurdert, då ektefellen hennar deltek i prosjektet. Soknerådet konkluderte med at Sigrunn er inhabil i saka og ho deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Vedtak:

Stord sokneråd vedtek å ikkje gje støtte til dette prosjektet. Samrøystes.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- **Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag

Tilsettingsprosess av kyrkjelydspedagog er i gang med intervju. Gode kandidatar.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 15.feb

2. Informasjonsbrev frå Stord kristne skule

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
referent
sign